

Eide Fjordbruk AS

Blom Fiskeoppdrett AS

Engesund Fiskeoppdrett AS

30.11.2022

Alver kommune

Pb. 4

5906 Frekhaug

Post@alver.kommune.no

Uttale til saksnummer 22/6179 Mongstad

Viser til annonsering av søknad i avisa «Strilen» den 8. november 2022 med frist for uttale sett til 2. desember 2022.

Eide Fjordbruk AS, Blom Fiskeoppdrett AS og Engesund Fiskeoppdrett AS («Selskapa») har produksjon ved 8 ulike lokaliteter (total lokalitets MTB på 20.380 tonn) i «Fensfjordbassenget» (Fensfjorden, Austfjorden, Masfjorden).

Selskapa vil påpeike at ABP Aqua Mongstad AS sin konsesjonssøknad for landbasert oppdrett for inntil 44.800 tonn produksjon/48.922 tonn årleg fôrforbruk er eit svært stort tiltak. Slike store landanlegg kan føre til at utslepp av oppløyste næringsstoff vert så store at dei «fyller opp» resipientkapasiteten i fjordbassenget med konsekvens at etablerte aktørar ikkje får mulighet til naturleg utvikling med til dømes lukka anlegg i sjø i framtida.

- Anlegget er landbasert og me ser liten risiko for rømming av fisk.
- Anlegget har inntak på 80 meter djupne og me vurderer liten risiko i forhold til lakselus.
- Avløpsvatnet skal filtrerast men løyste næringsstoff vil sleppe ut i vassførekomsten. Konsekvens i forhold til kjemisk og økologisk tilstand for vassførekomsten må grundig vurderast. Konsekvens for etablerte aktørar, både i notid -og framtid må også grundig vurderast av sektormyndigheiter.
- Anlegget har søkt om utslepp på 30 meter djupne. Avløpsvatnet skal, slik me kan vurdere søknaden filtrerast for partiklar men ikkje desinfiserast. Det ser ikkje ut til å vere planlagt med koordinert brakklegging. Me kan ikkje sjå at det er utført ein grundig smittehygienisk risiko i samband med søknaden. Kan til dømes bakteriar og virus spreie seg frå eit slikt anlegg, korleis vil spreinga vere og korleis vil dette kunne påverke eksisterande lokalitetar.

Me forventar at sektormyndigheiter i si sakshandsaming av det omsøkte tiltaket gjer grundige vurderingar i forhold til resipientkapasitet og smittetrykk i Fensfjordbassenget.

Med venleg helsing

Eide Fjordbruk AS

Blom Fiskeoppdrett AS

Engesund Fiskeoppdrett AS